




NR 3, 2023 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 91. ÅRG



Altarveggen i Høyanger kyrkje

## I dette nummeret kan du lese om:

- Altarveggen i Høyanger kyrkje
- Trusopplæring i dei ulike sokna
- Kva du kan vere med på i kyrkja
- Norsk kristentru på Orknøyane
- Glimt frå arbeidet sidan sist  
nummer
- Dei nye sokneråda vert presenterte

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebo, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebø, Andreas Ester. **Layout:** Stig Jonny Fitje

**Pengegåver vert mottekne med takk!**

**Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593**

Trykk: Printfarm AS

## Kyrkja på veg inn i ei ny tid

Kyrkja er på veg inn i ei ny tid. Fleire steg har vi allereie tatt, fleire skal vi ta i tida som kjem. Dette gjeld både kyrkja sentralt og lokalt. Etter kyrkjemøtet sine vedtak skal soknet og soknerådet få ei enda meir sentral rolle. Nye sokneråd blei valde 11. september. Dei skal konstituerast, presenterast i kyrkja og bes for, og så ta opp arbeidet sitt. Ein månad seinare trer nye fellesråd saman som på vegne av alle sokn i kommunen skal ivareta personalansvar, økonomistyring, byggdrift og gravplassforvaltning. Aller først har eg lyst til å seie: Tusen takk til alle som ville stille til dette arbeidet, takk alle som har brukt røysteretten sin! Kvar stemme hjelper å gi soknerådet støtte og legitimitet.

Store oppgåver står så å seie i kø. Soknerådet har ansvar for heile det lokale kyrkjelege arbeidet: gudstenestelivet, kyrkjemusikk, trusopplæring og diakonalt arbeid. På fleire av desse felt treng vi ein ny gjennomgang av eksisterande planar. Dette må skje med strategisk tenking. Det kyrkjelege livet treng absolutt nye impulsar for å vere attraktivt for fleire og særleg unge. På fleire av desse områda har vi i tida til det sitjande soknerådet satt i gang nye tiltak som skal hjelpe å stake ut kurser. Det er ein fordel at vi fekk tilsett kyrkjelydsarbeidar for trusopplæringsarbeidet og ny kyrkjeverje. Ny kyrkjemusikar skal rekrutterast. Ei overordna utfordring blir det endelege vedtaket om Ny kyrkjeleg organisering i Den norske kyrkja. Bra for alt dette er det at vi har ei god blanding av soknerådsmedlemmer med erfaring og kunnskap frå før og nye som kjem inn med eit friskt perspektiv. Eg ser fram til samarbeidet!

Andreas Ester sokneprest

[www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)  
[www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/](http://www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/)  
[www.instagram.com/kyrkjai/](http://www.instagram.com/kyrkjai/)

### Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt. 3. Pb. 159  
6991 Høyanger  
Telefon: 57 71 41 00  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

### Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
Telefon: 57 71 41 00  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

### Adm. sekretær:

Ali Kharrat  
Jobbmobil: 40 45 86 49  
E-post: [MK549@kyrkja.no](mailto:MK549@kyrkja.no)

### Prost:

Knut Magne Nesse  
Brendøyvegen 26, 6906 Florø  
Mobil: 91 71 32 75  
E-post:  
[knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no](mailto:knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no)

### Sokneprest Høyanger/Kyrkjebo:

Andreas Ester, 6947 Lavik  
Mobil: 45 22 17 37  
E-post: [AE639@kyrkja.no](mailto:AE639@kyrkja.no)

### Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebø, 5962 Bjordal  
Mobil: 95 72 91 72  
E-post: [GS533@kyrkja.no](mailto:GS533@kyrkja.no)

### Kyrkjeverje:

Stig Jonny Fitje  
Kyrkjekontoret i Høyanger  
Telefon kontor: 57 71 41 00  
Mobil: 91 76 38 03  
E-post: [SF729@kyrkja.no](mailto:SF729@kyrkja.no)

### Kantor:

Permisjon  
Leiarar av sokneråda:  
Høy: May-W. Fosmark 90 53 90 02  
Kyrkjebo: Sturla B. Fossen 99 49 47 45  
Lavik: Toril Lange 91 68 94 59  
Bjo. og Ort: Sissel Sørebø 91 68 93 81

### Leiar kyrkjeleg fellesråd:

Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

### Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97  
Kyrkjebo: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77  
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77  
Lavik: Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12  
Bjordal: vakant  
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**

## Andakten

### Haustakkefest

Sal 145,16 Du opnar di hand og mettar alt levande med det gode.

Eg såg ei busk med bjørnebær i går. I dag var dei fleste overmodne, svarte bæra falne av. Det var ingen menneske som plukka dei. Det var ingen fuglar som åt dei, men kanskje nokre småkryp nede i graset som fann ei forfrisking.

Over alt er det i ein frisk og sunn natur overflod på næring. Mat til alt levande, frå mikroorganismene i molda og opp til elefanten og blåkvalen. Til planter og dyr, fuglar og fisk - og menneske.

Det er treffande ord når salmisten for kanskje 3000 år sidan skreiv om Gud: «Du opnar di hand og mettar alt levande med det gode.»

Naturen er eit stort sirkulært kretsløp der det eine ledet ustanskeleg gjev mat til det andre, Eller for å seie det med Bibelens ord, naturen er Guds opne hand som har rikeleg til alle.



Dette er djupast sett haustakkefesten sitt tema. Vi takkar for at vi også får vere ein del av dette kretsløpet og ta imot av Guds opne hand. Og vi vert utfordra til å ta vare på det kretsløpet som Gud har skapt og ikkje hindre at menneske får næring frå Guds opne hand.

Ute i øydemarka var det ein som hadde to fiskar og fem brød å dele. Med Jesu velsigning vart det nok til 5000 menneske. Det var ei symbolhandling. Når resursane vert delte med Jesu kjærleik, vert det alltid nok. For Gud opnar si hand og mettar alt levande med det gode.

Geir Sørebø

### Glimt frå arbeidet:

### Olsokgudsteneste med dåp på Sande

Laurdag 29. juli kl 16.00 var det olsokgudsteneste med dåp under dei vakre bjørketrea på garden der Olav Sande vart fødd. Med små og store var det femti frammøtte. Geir Sørebø var prest, og Anders Brekke gledde oss også i år med vakre tonar frå orgelet sitt. Det er alltid spennande korleis veret blir på friluftsgudstenestene. Sola skein frå ein nesten skyfri himmel då dåpsfamilien kom, og det heldt nesten til gudstenesta var ferdig. Då kom det trugande mørke skyer utover



fjorden. Kyrkjekaffien vart inntatt under paraplyar og parasollar, men dåpsfamilien kom i bilane før det hølgja ned, og folk trakk inn i Sandestova og under låvebrua. Det vart ei fin gudstenesteoppleving, og vi var takksame for at gudstenesta ikkje var annonsert til kl. 18.00. Då hadde vi måtte køyre til Ortnevik kyrkje. Takk til Ruth Sande som alltid ordnar så fint til til olsok!


Sissel Sørebø

# Kristus på krossen i Gunnar S.-stil

Høyanger kyrkje viser eit dobbelt eller todelt altarbilete. Mest iaugefallande er det store glasbiletet på korveggen. Nedanfor bak sjølve alterbordet finn vi mosaikken på gullgrunn som viser föniks fuglen.

Glasmåleriet blei skapt av glaskunstnaren Borgar Hauglid i 1960. Han utsmykka også mellom anna Svolvær kyrkje, Bodø domkyrkje og Hamar domkyrkje. Det var på same tida Høyanger-kunstnaren Gunnar S. Gundersen, ofte berre kalla Gunnar S., var i ferd med å utvikle sitt non-figurative og konstruktive formspråk. I non-figurativ kunst fell den

tradisjonelle funksjonen å etterlikne naturen delvis eller fullstendig bort. «Jeg mener de rene farger og former virker sterkest. Jo mindre ramme av ytre attributter en gir seg selv å operere innenfor, jo større spenning og klarhet, jo mer enkelhet og begrensning, jo større styrke» (Gunnar S.).



Glasmåleriet i kyrkja vår ber preg av same kunstnariske tidsanden. Krossen er løyst opp i farga flatar i alle farger som blir liturgisk brukt i løpet av kyrkjeåret: grønt, fiolett, raudt og kvitt (pluss blått, himmelens farge som i

gamal tid var ein liturgisk farge også og grått eller sort som liturgisk kan vere eit alternativ til fiolett). Særleg den lyserauda tornekrona og blåfargen rundt hovudet er oppsiktsvekkjande.

Kroppen til Kristus er laga skisse- eller «teikneserieaktig»: klare, markerte konturlinjer og nokså flat framtoning utan mange detaljer som skapar romperspektiv.

Det er flott å ha eit altarbilete med Kristus hengande på krossen skapa i notidskunst (eller 1960tals). Krossen gir tydeleg uttrykk for at det som skjer på krossen er aktuelt for oss menneske i Høyanger i dag.

Delvis eller full abstraksjon gjev samstundes sjåeren ein større rolle i kunstoppfatninga. Vi må bruke tid for å sjå på biletet, tolke og utfylle. Kunsten inviterer til ein kreativ prosess og kan bli til ein meditasjon, gje oss inspirasjon for livet vårt.

Andreas Ester prest

# Altarveggen i Høyanger kyrkje

I august 2021 vart austveggen i koret med altertavla – glasmaleriet og mosaikken under, inspisert av maleri- og muralkonservator, Thomas Ragazzon Smestad, frå Norsk institutt for kulturminneforskning og restaureringsteknikar for glassmalerier, Elisabeth Voss Sinnerud, frå Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider. Dei var engasjert av fellesrådet fordi ein var bekymra for tilstanden til altarveggen etter å ha oppdaga mykje rust, roteskadar og teikn på vassinntrenging.

Skadane som er avdekka gjer at å få til ei varig god løysing både er eit omfattande og kostbart prosjekt. Heile glasveggen med stålramma som held den på plass, må sannsynlegvis fraktast bort og restaurerast. Likeeins må ein sikre mosaikken under. Her har det losna nokre få steinar, og fleire er lause.



I tillegg til skadane på stålramma og på tresprossene er det tydlege teikn på skadar i betongveggen rundt altartavla. Desse må ein straks ta tak i for å hindre større skadar i glasmaleriet og på mosaikken. Demontering av lyskastaren over glasmaleriet på utsida, er nemnt som eit viktig strakstiltak. Denne lyskastaren synest vere ein grunn til at barrieren mot vassinntrenging er broten. Det vil vere betre for både kyrkja, glasmaleriet og gi betre lys, om ein ordnar lyssetjinga på ein annan måte – skriv dei i rapporten.

Dette er samla sett eit stort og kostbart prosjekt og kyrkjeverja har teke kontakt med kommunen for å få hjelp på vegen vidare. Det er først og fremst viktig å få sikra vidare forfall ved å få stoppa at vatnet kjem inn.

Deretter må vi få oversikt over kostnadane og skaffe midlar til eit slikt prosjekt. Også her blir kommunen ein viktig samarbeidspart, men vi kjem også til å måtte søke om økonomisk støtte frå fleire hald.

Kyrkjeverja


*Bilde frå rapporten, med foto dei har teke:*




# Norsk kristentru på Orknøyane

Noko av det første eg merka meg då eg i slutten av august kom inn i den gigantiske St. Magnus katedralen i Kirkwall, hovudstaden på Orknøyane, var den store skulpturen av Olav den Heilage. Ganske lik den avbildinga av Olav den heilage som vi finn på prosesjonsfana i Lavik. Han har ei gyllen kongekrone på hovudet, raudbrun kappe, den langskalta øksa i ei hand og rikseplet i den andre, og han trakkar på draken som også har menneskehovud med kongekrone. Draken er symbolet på vondskapen inne i han sjølv, som han til sist har overvunne og trakka under fot.

Eit skilt ved sida av skulpturen opplyser om at dette er ein kopi av ein skulptur i Nidarosdomen, som i samband med St. Magnus katedralen sitt 800-års jubileum i juli 1937 vart gjeve til folket i Kirkwall av Den norske kyrkja.



Rett ved sida av, sentralt i katedralen, ligg ein stor norsk Olavsbibel, same utgåve som ligg på altaret i Bjordal og Ortnevik kyrkjer. Den ligg oppslegen på ei side som viser eit glasmåleri frå Nidarosdomen. Også denne Bibelen er ei gave frå Norge.



## St. Magnus

Den 66 meter lange katedralen er bygd til ære for Magnus Orknøyjarl, som var i slekt med Olav den heilage. Magnus hadde vorte utnemnt til jarl over halve Orknøyane av norskekongen Eystein Magnusson. Magnus hadde gått gjennom ei djuptgripande omvending til kristentrua, noko som gjorde at han praktiserte verdiar som fleire ikkje verdsette, og i 1115 fekk rivalen til makta, søskensbarnet Håkon, han fanga. Magnus overgav seg utan kamp og vart myrda. Han gav sitt liv for å skape fred. Rundt grava hans ved Birsey (Byrgesherad), på nordspissen av hovudøya, skjedde det store under, og pilegrimar valfarta dit for å få lækjedom. I

1135 vart leivningane etter Magnus flytta til Olavskyrkja i Kirkwall, og to år seinare starta Ragnvald Orknøyjarl, Magnus sin nevø, bygginga av katedralen til ære for Magnus, noko som skulle halde fram i over 300 år og verte ei av dei største kyrkjene i Norden. I dag er beina til St. Magnus mura inn i ei av søylene inne i kyrkja. Magnus vart tidleg rekna for å vere helgen, men formelt vart han først kåra til helgen av pave Leo XII, 11 juli 1898. I Nidarosdomen står det også ein skulptur av St. Magnus. Langt på veg er St. Magnus og St. Olav like. Dei er ikkje berre fysisk i slekt, men har også eit åndeleg slektskap.

## Vikingar og kristentru

Magnus sin farfar, Torfinn Sigurdsson, f. ca. år 1000, var eineherskar over Orknøyane og hadde ein storgard på den vesle øya Birsay.



Her ser ein godt bevarte ruinar etter ein liten vikinglandsby, med kyrkje og gravplass. Vi veit at Torfinn reiste til Roma i 1049 og møtte paven som gav han syndeforlating. Etter det reiste han heim og bygde ei kyrkje. Her vart Magnus gravlagd før han vart flytta til Kirkwall.

I heile denne tida, mest fram til 1500-talet, hørde Orknøyane til Norge, og det var heile tida trafikk over til Vestlandet. Det er difor lett å forstå at dette var ein viktig impuls til kristninga av Norge. Gjennom mange kontaktar vart ein kjend med den ny trua som breidde seg nordover i England og Skottland.

Å gå rundt på Orknøyane i dag, er ei vandring i vår gamle norske historie. Ein ser storslagne og kvardagslege nedslag av forfedrane våre si kristne tru. Vitnemål om korleis ein i ei krigersk og konfliktfylt tid fann eit nytt haldepunkt for å skape fred og vinne over dei vonde kreftene.

Geir Sørebø

## Dei nye sokneråda:

*Resultatet etter kyrkjevalet. Det nye bispedømmerådet er ikkje klart ennå.*

### Bjordal og Ortnevik

*Valdeltaking:25%*

1. Camilla Merkesvik  
Ådland
  2. Kjersti Johansen Søreide
  3. Sissel Sørebø
  4. Terje Søreide
1. vara: Ingunn Østerbø
  2. vara: Åge Østerbø
  3. vara: Irene Grøneng  
Breidvik



**Val på Kyrkjebø**

### Kyrkjebø

*Valdeltaking:24%*

1. Sturla Borgar Bell Fossen
  2. Kari Henny Dale
  3. Irene Aase Aarseth
  4. Amalie Ramsli Selnes
  5. Jens Ole Årdal
  6. Sjur Håvard Øygard
1. vara: Ole Ivar Luggenes
  2. vara: Nordstrand Forthun
  3. vara: Arvid Solaas
  4. vara: Helge Erik Vadheim

### Lavik

*Valdeltaking:24%*

1. Toril Lange
  2. Katrin Borlaug Ringereide
  3. Torunn Styve
  4. Maria Poonam  
Zimmermann Espeseth
  5. Bjørn Harald Nybø
  6. Eldrun Nordahl
1. vara: Regine Borlaug  
Pettersen
  2. vara: Wenche Liljedal
  3. vara: Terje Båtnes
  4. vara: Solveig Evensen
  5. vara: Oddny Marie  
Bruåsdal

### Høyanger

*Valdeltaking:4%*

1. Heike Peggy Müller
  2. Vidar Myren
  3. May-Wenche Fossmark
  4. Elisabeth Johansen
  5. Edel-Marie Johansen
  6. Glenn-André Johansen
1. vara: Torsten Ronny  
Müller
  2. vara: Aud Saxrud
  3. vara: Stine Baumann
  4. vara: Edvard Gjersvoll



**Valstand i Høyanger**



*Glimt frå arbeidet:*

*Dugnadsgjeng på Vadheim gravplass*

*Gratulerer til alle som på denne måten har fått tillit!*

*Lukke til med arbeidet!*

## Min salme



Kjersti Johansen Søreide, f. 1955,  
bustad Søreide, nyleg pensjonert lærar,  
interesser: friluftsliv, hagestell, reising og  
familie.

Eg har valt salmen «Ein fin liten blome»  
fordi han for meg har eit meiningsfylt og  
godt innhald og ein utruleg vakker melodi  
som Bjørn Eidsvåg «ny-komponerte» i  
1969. Ein ukjent svensk forfattar har skrive  
teksten som i 1927 vart omsett til norsk av  
Anders Hovden.

Eg har høyrt ulike framføringar av denne  
salmen og fram til no er det Herborg  
Kråkevik sin versjon som er favoritten min.

Kva handlar så denne salmen om? For meg  
handlar det om skaparverket, om både  
flora, fauna og oss menneske. Vi er alle  
ulike, både i utsjånad, eigenskapar og  
preferansar. Nokre likar å vere meir  
frampå og synlege enn andre som på ulikt  
vis er meir beskjedne. Men for Gud er vi  
alle like verdifulle, og det kjennest trygt og  
godt.

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,  
i granskogen diger og dryg,  
og vent mellom mose og lyng han seg ter  
Han står der så liten og blyg.*

*Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøynd  
der skuggane tyngja deg må?  
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløynd,  
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,  
der folk kunne skoda på deg?  
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,  
eg føddest til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,  
då vert det vel dødsdagen din.  
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,  
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber:  
om einsleg eg vert på min veg,  
så veit eg at Herren vil vera meg nær,  
Gud Fader, han vernar òg meg.*

*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,  
med honom eg kjenner meg sæl.  
Kvar morgen meg bøna til himmelen ber,  
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann  
kjær,  
i blodet hans reinsa den er.  
Den høver for himlen, der gullgater er,  
den høver for vandringa her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,  
men gled meg, for då står eg brud.  
Lat lekamen kvila med fred i si grav,  
mi sjel, ho er heime hos Gud!*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong  
i morgonen æveleg klår,  
og blanda med heilage englar min song  
i himlen, dit døden ei når*

# Generalforsamling i NMS

Som utsending for Bjordal & Ortnevik sokn, fekk eg høve til å delta på Det Norske Misjonsselskap sin sommarfest og generalforsamling i Stjørdal 29. juni til 2. juli. Utsendingar frå kyrkjelydar med samarbeidsavtale og foreiningar, samt einskildmedlemmar har stemmerett og kan vere med å påverke organisasjonen sitt arbeid. Deltaking gir god inspirasjon til vidare engasjement.

## Flott, men komplisert reise

Det er vel kjent for mange i vårt område at ruteopplegget mot Trondheim har blitt därlegare etter pandemien. For ein som helst vil reise klimavenleg, vart det ei komplisert, men flott reise: bil, ferje, ekspressbåt, 3 ulike bussar og tog oppover og dagtog til Oslo og nattog til Bergen, buss og bil heim att.

## 900 påmeldte

I år var det 900 påmeldte til opplegget, så hotellet hadde si utfordring med å få organisert måltidene for så mange. Men folk var blide og tok omsyn, og då eg vart kjent med rutinar og opplegg for oss som er avhengige av spesiell mat, gjekk det greitt.

## NMS gjenbruk

I 25 år har NMS drive gjenbruksbutikkar. Frivillige i butikkane hadde allereie vore kursa eit par dagar før generalforsamlinga byrja. I løpet av tida har gjenbrukshandelen i NMS økt frå nokre få hundre tusen kroner til nesten hundre millionar. Av dei vel 50 utsala har vi to ganske nært oss, som sikkert mange har vore innom. Både i Knarvik og i Førde er det store og fine butikkar, og nytt klesutsal vart nyleg opna i Førde. Det er flott å vere medlem i ein organisasjon som er

oppteken av klimaavtrykket, og som kan bruke overskotet i butikkane til viktig arbeid både i Noreg og elles i verda.

## Samarbeidskyrkjer

Gjennom tre dagar fekk vi levande glimt frå kyrkjene som NMS samarbeider med rundt om i verda. Alle kyrkjene hadde lokal utsending, og desse vart intervjua eller hadde innlegg som vart godt omsett til norsk frå ulike språk. Utsendingar til Mali og Estland, der sokna i Høyanger kommune støttar prosjekt, fortalte frå sine område. Etter generalforsamlinga var det samling for alle tilreisande frå Afrika, Asia, Europa og Sør-Amerika for samråding om arbeidet vidare. Kontakt med den verdsvide kyrkja er til stor inspirasjon.



**Generalsekretær Helge S. Gaard i lag med gjenvælt landstyreleiar Bjørg Tysdal Moe**

## Forhandlingane

Handsaminga av strategiplan for 2024-2030 var den viktigaste einskildsaka. Det var lang talarliste og høgt engasjement. Forslaget til hovudmål var: «Sammen vil vi: \* dele troen på Jesus \* bekjempe urettferdighet \* utrydde fattigdom.»

Spesielt formuleringa «utrydde fattigdom», vart kommentert som rett og slett for stort. Fleire argumenterte med at det var greitt at ho blei ståande, m.a. fordi ho er henta frå FN sine berekraftsmål og orda «saman vil vi» er viktige. Andre saker i forhandlingane som eg er godt nøgd med, er omsorga for leirstadane, m.a. Alværa, og det nære samarbeidet med Den norske kyrkja.

### Sommarfesten

For dei som ikkje var så opptekne av forhandlingar, var det rikeleg med tilbod om interessante seminarar, ekskursjonar og konserter med kjende artistar. Born og unge hadde eigne aktivitetar.

Neste generalforsamling blir i Bergen i 2026, så då håpar eg mange frå vårt område blir med.

NMS har ei god heimeside med mykje informasjon for lokale kyrkjelydar. På nms.no kan du lese om dei ulike prosjekta som vi støttar gjennom sokna sine kyrkjelydsavtalar.



*Rådgjevar Nora Dub Dybdal hadde ein inspirerande tale. Ho har gått på Sygna vidaregåande skule og er kjent for meg frå tidlegare.*

Sissel Sørebø

Glimt frå arbeidet:

## Open kyrkje på Kyrkjebø

Nokre onsdagskveldar i sommar har soknerådet på Kyrkjebø helde kyrkja opa eit par timer. Opplegget er "låge skuldrar", ein kaffikopp, noko å bite i og nokon å prate med. Ein kan tenne lys, sitje i ro, vandre rundt og sjå på kunsten i kyrkja eller berre vere stille og nyte freden og roa i kyrkjerommet.



Foto: Finn Trædal og Erene Vigdal deltok med musikk

Prikken over i-en desse kveldane er at vi får ein heilt gratis og hyggeleg konsert. Kulturskulelevar har fått vist kva dei har lært både på piano og blåseinstrument, og meir erfarne musikarar har sunge og spela for oss.

Kyrkjefred,  
kaffi og  
kultur – alt  
på ein gong,  
for alle som  
deltok.

Foto: Keiko Matsui-Li spelar på Open kyrkje, Kyrkjebø



# Kick-off for konfirmantane på Alværa

Etter konfirmantpresentasjonar på forskjellige gudstenester, starta konfirmantåret med kick-off fredag 8. september.

Der var det 36 konfirmantar frå heile



Høyanger og Hyllestad.

Med strålende solskin begynte vi med ein liten volleyball-turnering. Deretter var det morosame "bli kjent leikar" og song. Ole Merkesvik Ådland kom med gitaren sin frå Ortnevik, lærte oss nye salmar og spelte ein eigen komponert song frå faren sin. Det såg ut til at konfirmantane syntest det var inspirerande og spennande.

Tusen takk til Ole for at han var med oss denne kvelden.



Det store hovedtema var "Jesus som venn". På heile kick-off-en skulle konfirmantane bli kjent med kvarandre og lære meir om Jesus og livet hans. Og det gjorde vi! No gler vi oss til at alle igjen skal vere saman på konfirmantfestivalen i Gaularhallen laurdag 28. oktober.

Tusen takk til Jens Friis frå Lavik som laga pizza til oss og Toril Lange som var vertskap frå Alvera kyrkje- og misjonssenter.



Leiarar denne kvelden var sokneprestane Runar Matsui-Li og Andreas Ester, Linda Ølmhein frå Hyllestad og Heike Müller frå Høyanger.

Heike Müller



*Glimt frå arbeidet:*  
Konfirmantpresentasjon Kyrkjebø og Høyanger kyrkje



# BARNAS

## Finn 10 fiskar

I rutenettet gøymer det seg namnet på 10 forskjellige fiskekartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.

## Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar

## Finn fem feil!

Her får disiplene masse fisk. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!


Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



# På kyrkjebakken

## Mat og Prat

**Onsdag 25. oktober kl. 18.00 – 20.00**  
på Alværa. Geir Sørebø samtalar om «Livet slik det er». Kveldsmat

## Adventsfest

### Fredag 8. des.

Velkommen til førjulskveld på Alværa. Julemiddag vert servert kl. 18.00. Deretter vert det litt program og tid for prat, kaffi, kaker, ord for kvelden og åresal. Påmelding til Alværa på e-post [alvera@nms.no](mailto:alvera@nms.no) eller mobil 48990661

## Vil du møte "Kyrkjebø-madonnaen"?

Då må du nytte sjansen sundag 29. oktober! Nå-ja, kanskje treff du ikkje sjølve "madonna", men er du interessert i kunst og historie, må du få med deg dette likevel: kulturkvelden i Kyrkjebø kyrkje, med kunstföredrag, musikk og song.  
Vår eigen Rune Kyrkjebø – fyrstebibliotekar på Universitetsbiblioteket i Bergen – kjem til heimbygda og fortel oss om "madonna" og andre fine kunstgjenstandar, som no er tekne vare på i museum, etter å ha pryda våre kyrkjebygg tidlegare.  
Denne ettermiddagen får me også flotte musikkinnslag og korsong med "på kjøpet". Det vert rikeleg høve til å få sjå på det som finst av bilet og kunst i kyrkja, stille spørsmål til föredragshaldaren, og ikkje minst: gode samtalar over ein kaffi/tekopp.

Kyrkjebø sokneråd ynskjer alle velkomne!



Foto:

Kulturskulen på Open kyrkje, Kyrkjebø

## Trusopplæring

## Aktivitetsdag på Alværa

### Laurdag 4. november kl. 12.00 til 15.00.

Lavik sokneråd inviterer born i alle aldrar til ei samling på Alværa. Det vert som ein kort leirdag, og vi vil gjerne at borna skal få oppleve leir.

Vi startar dagen med ei samlingsstund med Jesusforteljing og song, deretter vert det leik og ulike aktivitetar. Det vert også mat – pølser og brød/lompe og kaffi/te til dei vaksne.

**Born og bornefamiliar frå heile kommunen er velkomne.**

Flott viss de meldar dykk på til Torunn eller Toril slik at det vert lettare å planlegge.



Foto: Sommarfest i Høyanger

# Trusopplæring

## Lavik

Denne hausten har soknerådet i Lavik følgjande trusopplæringstilbod:

**Onsdag 20. sept, 18. okt, 8. nov og 29. nov**

**Frå kl 10.00 – 12.00/12.30.**

T-dag for 1.-4. klasse

Og same dagane frå kl 17.15.

Myldresamling i kyrkja for born i barnehagealder.

Minikonfirmant.

Dette skuleåret kan dei som går i 4.-7. klasse få vere minikonfirmant. Det vert samling 1 gong i månaden. Dag og dato vert avtalt med dei som melder seg på. Dessutan skal det vere minikonfirmantweekend i april for minikonfirmantar frå fleire av kyrkjelydane i Ytre Sogn.

Informasjon om trusopplæringstiltaka kjem på messengergruppene:

- Myldresamling i Lavik kyrkja
- Leirdøgn og trusopplæring.

## Bjordal & Ortnevik

T-klubb: For 1.-7.klasse: Heike Müller leier, Gamlebanken tysdagar etter skuletid **3. okt., 24. okt., 7. nov. og 5. des.** (juleverkstad).

Myldresamlingar for barn 0-6 år i Ortnevik Grendehus **søndagane 29. okt. og 12. nov. kl. 16.00.**

Tårnagentopplegg i Bjordal kyrkje **laurdag 25. nov. kl. 13.00-17.00.**  
Tårnagentgudsteneste **søndag 26. nov.kl. 11.00** v/Geir Sørebø og Heike Müller

## Høyanger og Kyrkjebø

Babysong i Høyanger kyrkje

**Måndagane 25. sept, 9. okt, 23. okt, 6. nov, 20. nov og 4. des Frå kl.11.00 til 12.30**

Babysong er ei kosestund og møteplass for foreldre med baby frå 0-1 år.

Småbarnstreff i Høyanger kyrkje

**17. okt, 31. okt, 14. nov, 28. nov**

**Frå kl. 17.00 til 18.30.**

Annan kvar tysdag er det Småbarnstreff. Tilboden er til born frå 2 til 6 år. På samlinga er det leik, song, bibelforteljingar og ulike aktivitetar.

2- og 4- årssamling i Høyanger kyrkje

**Torsdag 16. nov kl. 17.00** er det 2års-samling med tema "Noas ark".

**Torsdag 30. nov kl.17.00** er det 3års-samling med tema "JUL".

*Velkommen til alle born i den aldersgruppa frå Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim.*

4- og 6- årssamling i Kyrkjebø kyrkje

**Torsdag 19. oktober kl. 17.00 til 18.00** er det 4- og 6-årssamling i Kyrkjebø kyrkje  
**Søndag 22. oktober kl. 11.00**

På hausttakkefesten i Kyrkjebø kyrkje er det utdeling av "Mi kyrkjebok 4 og 6".



Foto: T-klubb i Gamlebanken

# Nytt frå kyrkjeverja:

**No er sommaren og det meste  
av ferieavviklinga omme.**

Administrasjonssekretær  
vår, Ali Kharrat, kom nett heim

frå ferien. Det gler oss at han og kjærasten, Aya, får vere saman att. Det har gått åtte år sidan han måtte flykte frå Aleppo i Syria. Han har fått ei deltidsstilling som tilkallingshjelp for norskopplæringa for flyktningar. Med sin språkkunnskapar er han til stor hjelp der.

Dette kjem godt med sidan Høyanger kyrklege fellesråd per no ikkje har økonomi til å gi han meir enn 60% tilsetting. No ser dei framover og er på leit etter ein større bustad. Dei tenkjer gjerne å kjøpe noko i Høyanger og ynskjer seg ein bustad med to-tre soverom.

**Som leiar for ein liten stab**, ser eg med glede på at det startar opp nytt arbeid i trusopplæringa, at ting spirer og gror.

Samtidig fekk vi ei utfordring då kantor Gerda Otterstein, søkte permisjon . Ho hadde fått tilbod om ei stilling som kantor i Kragerø og ynskte permisjon for å tiltre i denne stillinga frå 15. september. Fellesrådet innvilga permisjon i 6 månader frå denne datoен, og i skrivande stund veit eg at ho er i ferd med å flytte inn i ny bustad i Kragerø. Sidan ho førebels er i permisjon frå oss, er ikkje dette ein endeleg avskjed. Likevel må vi ta inn over oss at ho tenkjer ikkje å kome attende. Vi først og fremst gratulere og ynskje henne til lukke med den nye jobben, men og belage oss på å finne ny organist til våren.

**I mellomtida løyer vi organistkabalen** med å kontakte dei som allereie står på lista vår av tilkallingsvikarar. Vi har fått til eit samarbeid med Gulen. Deira organist, Peter Tiborc Jobbagy, har allereie hjelpt oss fleire gonger, og blir oftare å høyre. Mest i Lavik, Bjordal og



Ortnevik. Men er og villig til å reise lenger om det trengs.

Organistsituasjonen gjer at vi vil nytte høvet til å forsøke oss med andre musikkformer på gudstenester. Vi har mellom anna glede av å bli kjent med pianist Harald Dahlstrøm.

For gravferdene vil vi bruke kyrkjeorgelet og jobbar med å få på plass eit nettverk av moglege musikarar. Men det er viktig å merke seg at vi med dette kan bli noko mindre fleksible når det gjeld val av tidspunkt for gravferdene.

**Den økonomiske stoda:** Eg skreiv i sist nummer av Helgestunder at underskota i drifta dei to siste åra utfordrar oss. Det gjer at vi er forsiktig med pengebruken. Ei positiv overrasking for oss dukka opp. Det har gjennom fleire år har vore innbetalt for mykje til pensjonskassa. Slik har vi spart opp ein god sum som gjer det mykje lettare å klare dei stor ekstrautgiftene til pensjon i 2023.

No er det tid for nytt budsjett og vi har ei lang ønskeliste. Då er det utfordrande at kommunen hamna i ROBEK-registeret. Vi må difor fortsett ønske oss god deltaking på dugnader for å stelle det fint på gravplassane og kyrkjegardane.



Foto: Bilde frå gudsteneste i Høyanger kyrkje.  
Heike Müller bruker kyrkja når ho inviterer til Babysong og Småbarnstreff .

Eit viktig punkt på ønskelista vår for 2024, er det faktum at **Ortnevik kyrkje vil feire 100-år hausten 2025.** Her er det behov for ein del oppussing – både innvendig og utvendig. Sjølve kyrkja er ganske nymala utvendig og her trengs det berre litt flikking. Men gjerdet rundt kyrkjegården ser trist ut.

Dessutan manglar kyrkja ein universell utforma tilkomst. Det treng ikkje koste så mykje å få dette til, så vi håpar at vi kan få det på plass. Like eins at kommunen finn midlar til eit toalett for rørslehemma i eit planlagt branndepot, som i så fall vil ligge mellom kyrkja og skulen.

Stig Jonny Fitje

Foto: Ortnevik kyrkje i all sin prakt.

Målet er at vi kan få til ein universell utforma inngang her i sideinngåndsdøra.

Gjerdet byrjar å bli ganske dårlig



# I GLEDE OG SORG

## DØYPTE

### **Høyanger kyrkje**

20.08.2023 Emma Fjæren Lund

### **Sande, Ortnevik**

29.07.2023 August Saanum Brandtzæg



## DØDE

### **Høyanger**

28.06.2023 Ovidia Thune

23.07.2023 Mona Myrekrok

### **Kyrkjebø**

07.06.2023 Henny Margrethe Gjertsen  
(Isdalstø)

14.06.2023 Herbjørn Nordeide (Oslo)

19.06.2023 Jenny Espeskog

10.07.2023 Johanne Aaland

### **Lavik**

18.04.2023 Agnes Ragnhild Nordstrand  
(Bergen)

12.06.2023 Endre Gunnar Raa

15.06.2023 Anna Jordal

19.07.2023 Audhild Hauge Kjønås

28.08.2023 Sigvald Norevik



### **Vadheim**

24.08.2023 Bente Hovden

09.09.2023 Aud Jorunn Brekke

**Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.  
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!  
Hebr. 10.23-24.**

## Gudstenester

**24. september – 17. søndag i treeiningstida**  
kl. 11.00 Lavik v/ G. Sørebø hausttakkefest  
kl. 17.00 Høyanger v/ A. Ester hausttakkefest

**1.oktober – 18. søndag i treeiningstida**  
kl. 12.00 Massnes v/ G. Sørebø hausttakkefest

**4. oktober onsdag**  
kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester  
gladgudsteneste

**15. oktober – 20. søndag i treeiningstida**  
kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebø  
presentasjon nytt sokneråd  
kl. 18.00 Lavik v/ G. Sørebø  
presentasjon nytt sokneråd

**22. oktober – 21. søndag i treeiningstida**  
kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester  
presentasjon nytt sokneråd, hausttakkefest  
kl. 17.00 Høyanger v/ A. Ester  
presentasjon nytt sokneråd

**5. november – helgemessesøndag**  
kl. 11.00 Lavik helgemesse v/ G. Sørebø  
kl. 16.00 Bjordal helgemesse v/ G. Sørebø

**8. november – onsdag**  
kl. 18.00 Høyanger minnedag v/ A. Ester

**12. november – 24. søndag i treeiningstida**  
kl. 11.00 Kyrkjebø minnedag v / A. Ester

**26. november – Kristi kongedag**  
kl. 11.00 Bjordal tårnagentgudsteneste v/ G. Sørebø  
kl. 17.00 Vadheim kaffigudsteneste v / A. Ester

**29. november – onsdag**  
kl. 18.00 Høyanger gladgudsteneste v/ A. Ester

**3. desember – 1. søndag i advent**  
kl. 19.00 Lavik lysmesse v/ G. Sørebø

**6. desember onsdag**  
kl. 18.00 Høyanger lysmesse v/ A. Ester

**10. desember – 2. søndag i advent**  
kl.17.00 Ortnevik julekonsert  
kl. 20.00 Kyrkjebø lysmesse v/ A. Ester

**24. desember – julaftan**  
kl. 13.00 Vadheim v/ A. Ester  
kl. 14.00 Ortnevik v/ G. Sørebø  
kl. 14.30 Kyrkjebø v/ A. Ester  
kl. 15.00 Lavik v/ N.N.  
kl. 16.00 Bjordal v/ G. Sørebø  
kl. 16.00 Høyanger v/ A. Ester



**NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: [www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)**

*Leir på Alværa i haustferien:*

**Agentleir for 2.-7. klasse.**

Velkommen til Alværa 9.-11. oktober.

Du kan finne meir informasjon på  
nmsu.no.

Helle Kartveit tlf. 40406050 er  
hovudleiar.

Påmelding innan 5. oktober.

**INFORMASJON** Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

# Glimt frå arbeidet:



Friluftsgudsteneste  
på Vadheimsstølen



Frå Open kyrkje på  
Kyrkjebø



Sommarfest i Høyanger kyrkje

